



Riksantikvaren  
Dronningensgate 13 postboks 8196 Dep.  
0034 OSLO

Dato: 24.03.2015  
Vår ref.: 2014/23101-21  
Saksbehandlar: oleskau  
Dykkar ref.:

## **Oversending av sak til Riksantikvaren. Reguleringsplan Møllendal Øst. Gnr 163. Bnr 20 m.fl. Bergen kommune.**

Vi viser til reguleringsplan for Bergenhus, gnr. 163 bnr.20 Mølleneset, felt B1, Bergen kommune, plan id 62740000.

Saka vart handsama i Kultur- og ressursutvalet i møte 4.6.13. Utvalet slutta seg til fylkesrådmannen si tilrådinga om motsegn på grunn av at planframlegget var

- i konflikt med overordna plan
- i konflikt med nasjonale kulturminneinteresser

Planen vart vedteken av Bergen kommune etter vedtak i bystyret 22.10.14, men ikkje gjeve rettsverknad på grunn av at motsegna ikkje vert trekt. 18.11.14 bad Kultur- og ressursutvalet om at saka skulle leggast fram på nytt. Hordaland fylkeskommune bad Klima- og miljødepartementet om ei vurdering av ansvarstilhøva ved ei mogeleg trekking av motsegna. Departementet svarte i e-post, 18. desember 2014:

*«Samarbeidsplikten i ansvarsforskriftens § 3 er absolutt. Hvis fylkeskommunen ikke fremmer innsigelse der nasjonale interesser berøres, skal RA (Riksantikvaren) underrettes. RA har altså alltid rett til å tre inn som innsigelsesmyndighet i disse tilfellene. Det finnes ikke noen hensyn som taler for at denne samarbeidsplikten i § 3 skulle bortfalle der fylkeskommunen i stedet ombestemmer seg; fra å ville fremme innsigelse til ikke å ville gjøre det. Hvis (Kultur- og ressursutvalet) fylkesutvalget trekker innsigelsen nå, mener vi at Riksantikvaren trer inn som innsigelsesmyndighet i fylkeskommunens sted, slik de ellers ville ha gjort. I denne saken kan fylkesutvalget derfor ikke trekke innsigelsen uten at saken deretter oversendes RA, som får vurdere om de vil fremme innsigelse selv.»*

Saka vart lagt fram til ny handsaming i Kultur- og ressursutvalet sitt møte 19.3.2015. Fylkesrådmannen rådde til å fremje motsegn til alternativ 1 på grunn av konflikt med nasjonale kulturminneinteresser og med overordna plan. Utvalet vedtok motsegn grunna konflikt med overordna plan, men ikkje motsegn grunna konflikt med nasjonale kulturminneinteresser.

Vedtak

*1. Kultur- og ressursutvalet har vurdert forslag til reguleringsplan for Møllendal Øst gnr 163-20, Alternativ 1, på nytt, på bakgrunn av brev frå Advokatfirmaet Harris, og i lys av oppdatert informasjon.*

*2. Kultur- og ressursutvalet meiner forslag til utbygging med høghus er i strid med overordna plan og er uheldig for god senterutvikling. Kultur- og ressursutvalet opprettheld motsegn til reguleringsplanen på grunn av konflikt med heilhetleg og god senterutvikling.*

Hordaland fylkeskommune sender dermed saka til Riksantikvaren for vidare handsaming som kulturminnestyresmakt. Då dokumenta i saka er store, ber vi Riksantikvaren rette førespurnad om tilsending av saksdokument til Hordaland fylkeskommune v/dokumentsentret når sakshandsamar er tildelt. Sjå vedlegg 1 og 2.

For Bergen kommune si handsaming av saka, sjå lenke:

[http://www3.bergen.kommune.no/bksak/utv\\_caseinfo.asp?utvalg=BEBY&caseno=70968&dayno=252&Year=2014-10-22&db\\_source=1](http://www3.bergen.kommune.no/bksak/utv_caseinfo.asp?utvalg=BEBY&caseno=70968&dayno=252&Year=2014-10-22&db_source=1)

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Ole Vegard Skauge  
Spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*